

Telefon:

Gynekologisk poliklinikk 70 05 82 63
Gynekologisk sengepost (dagbehandling) 70 05 83 61
Inntakskontoret 70 05 82 48

Til deg som skal til

Operasjon for stress-urinlekkasje

Informasjon

TVT – Tensjonsfri Vaginal Tape er namnet på ein operasjon som vert nytta ved stressinkontinens dvs urinlekkasje ved hoste, nysing og fysisk aktivitet. Eit band av prolen blir plassert via eit snitt i fremre skjedevegg i ei slynge under urinrøret, opp på kvar side av dette og vidare på baksida av skambeinet og opp til to små snitt i huden like ovanfor skambeinet. Prolen er eit ikkje-resorberbart vevsvenleg materiale. Operasjonen skjer i lokalanestesi. TOT / TVT-O er namna på nesten identiske inngrep til TVT. Skilnaden er at slyngen blir dratt ut bak bekkenbeinet mot innsida av låra. Operasjonen skjer i narkose og/eller lokalanestesi

Inngrepet

Før inngrepet får du førebyggjande smertestillande tabletter og evt avslappande tabletter. Det blir oftast gitt førebyggjande antibiotika tabletter og/eller intravenøst i samband med inngrepet.

Operasjonen blir utført i lokalanestesi saman med intravenøst avslappande og smertestillande medikament, eller i ei kortvarig narkose.

Ved lokalanestesi vil du kjenne berøring, men lite eller ingen smerte. Når det blir nytta lokalanestesi er det viktig at du er vaken og kan samarbeide. Du blir beden om å hoste slik at slyngen kan justerast til du blir tett, men utan at den strammar.

Operasjonssnitta blir lukka med tråd som blir borte av seg sjølv etter nokre veker.

Etter inngrepet på sjukehuset

Du blir berre kort tid på oppvåkninga dersom du har hatt narkose, ellers kjem du tilbake til romet ditt med det same etter operasjonen. Du får mat og drikke, og kan stå opp. Smertestillande blir gitt ved behov.

Etter om lag 3 timar (eller tidlegare om du kjenner trang) blir du beden om å late vatnet. Du skal gi beskjed til sjukepleiaren med ein gong du er ferdig, slik at det kan utførast måling av resturin. Resturinmåling skjer ved ultralyd (Bladderscan) eller eingongskateter. Undersøkinga må gjentakast dersom du tømmer blæra for dårleg første gongen.

Du kan reise heim på ettermiddag/kveld operasjonsdagen så sant det ikkje er for mykje resturin. Hugs å gi deg god tid på toalettet! Det er ein forventa effekt av operasjonen at det blir litt ”vanskelegare” å tisse. Det kan hende at du blir beden om å kome tilbake dagen etter for kontrollmåling av resturinmengda.

Du får utskrivingsamtale med operatøren.
Du får sjukmelding tilpassa arbeidet ditt, vanlegvis 1-2 veker.

Etter inngrepet heime

Dersom du får vanskar med å late vatnet, må du ta direkte kontakt med avdelinga. Dersom du får svie, smerte, hyppig vannlatning eller stygg lukt av urinen bør du levere morgonurin-prøve til legen din.

Du bør vere forsiktig med fysisk aktivitet, t.d. ikkje sykle første 4 vekene. Du bør ikkje ha samleie første 4 vekene etter operasjonen.

Kontroll

Vi er med i eit nasjonalt kvalitetsregister for inkontinensoperasjonar, NUGG-registeret. I denne kvalitetskontrollen inngår det ein postoperativ kontroll etter 6-12 mnd og ein kontroll etter 3 år. Du vil få innkalling frå gynekologisk poliklinikk til desse kontrollane. I kontrollen inngår det å svare på eit spørreskjema, vannlatningsskjema, bleievegningstest, resturinmåling, urin-flow måling, stresstest og klinisk undersøking.